

Årsmøte Lindås Ungdomslag 2016

07.03.2016 klokka 19.00
i Samfunnshuset Haugatun

Saksliste:

- Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 2: Val av ordstyrar, skrivar, teljekorps og protokollunderskrivar
- Sak 3: Årsmelding 2015
- Sak 4: Reknskap 2015
- Sak 5: Budsjett 2016
- Sak 6: Planar for 2016
- Sak 7: Val

Sak 3: Årsmelding 2015

- Styret i LUL 2015

Leiar: Sindre Vabø
Kasserar: Håvard Vagstad

Styremedlemer:

Øystein Veland
Lene Gjelsvik
Oddbjørn Syslak
Maya V. Mongstad
Fredrik Sleire

Vara:

1.vara: Siv Marit Rødland
2.vara: Malene Fimland
3.vara: Heidi Spjeldnes

Revisorar: Kari Bergås Tangen, Anne Grethe Syslak

Materialforvaltarar: Svein Gjelsvik

Valnemnd: Merete/Eivind Feste, Torill Vågenes,

- **Støtte til gruppene i LUL**

Kostymer: Unni Lindaas, Marit Nordahl, Elisabeth Kolås, Reidun Fauske.

Kulissar: Bjørn Olav Benjaminsen,

Lys: Bjørn Olav Benjaminsen, Jan Arild Lindaas

Lyd: Svein Gjelsvik,

Foto/videograppa: Kolbjørn Fosse, Helge Kolås, Arild Mongstad Pedersen, Kristoffer Kvamsdal

- **Instruktører og kontaktpersonar på gruppene våren 2015**

Gruppe 1: Ingrid Aven, Helga Hellestveit, Grete Syslak

Gruppe 2: Charlotte Nordahl Grimstad, Unni Lindaas, Hildegunn Vabø

Gruppe 3: ikkje aktiv

Gruppe 4: Bjørn Olav Benjaminsen, Jan Arild Lindaas

- **Instruktører og kontaktpersonar på gruppene hausten 2015:**

Guppe 1: Ingrid Aven, Helga Hellestveit. Kontakt: Lene Gjelsvik

Gruppe 2: Unni Lindaas, Charlotte Nordahl Grimstad, Kontakt: Anne Marit Risnes.

Hildegunn Vabø er stundom med som medhjelpar.

Gruppe 3: Sindre Vabø, Siv Marit Rødland.

Gruppe 4: Bjørn Olav Benjaminsen, Jan Arild Lindaas

Foto/videograppa: Arild M. Pedersen, Helge Kolaas, Kristoffer Kvamsdal.

- **Aktivitetane i gruppene:**

Gruppe 1

Danseoppvisingar: 17.mai, julegateopning på Lindås senter, LUL sin juletefest, har hatt linedanskurs og hip hop kurs som dei synest var veldig kjekt.

Gruppe 2

Deltok på Statoil Mongstad sin julefest i januar.

Hadde show saman med LLS i Juni

Viste "Den forsvunne nissedrakten" på Lul sin julefest i desember.

Gruppe 3

Oppstart i haust. Jobbar med stykket "brenn sjølv" som framføres 28. februar 2016.

Gruppe 4

Rigga lys, lyd og scene til Statoil Mongstad sin julefest i januar.

17.Mai forestillinga "Sommer i Tyrol" i samarbeid med Koret

Julekonsert med matservering i november.

Foto/videograppa

Har saman med medhjelparar filma alle stykka som gruppene har vist i Haugatun.

Har laga plakatar og annonsar til framsyningar, samt oppdaterer nett-sida til Lul jamnleg.

- **Diverse aktivitetar i LUL**

LUL har fått nokre spørsmål om deltaking i arrangement og underhaldning, men har ikkje kunna sagt ja til alle. Stiller opp i så stor grad det går an!

- **Økonomi:**

Økonomien i LUL er god.

Totale inntekter for året, inkl tilskot, vart 217.235 kroner, mens driftsutgifter summerte seg til 198,205 kroner. Både inntekter og utgifter var lågare enn budsjettert. Etter avskrivingar fekk LUL et årsresultat på 15.266 kroner.

- **Frivilligregisteret:**

LUL er Frivilligregistrert og har organisasjonsnummer 996 364 720
LUL deltek i Grasrotordninga

- **Medlemskontigentar**

Lindås Ungdomslag sin medlemskontigent 2015 var 450 kroner for dei både over og under 14 år

Kontigentsatsen til NU sentralt: Under 26 år: 90 kroner. Over 26 år: 180 kroner

Kvart lag betaler kr 1000 i grunnkontigent til NU sentralt. Denne kontigenten inkluderer ingen enkeltmedlemsskap.

Kontigentsatsen til Hordaland Ungdomslag: Under 26 år: 50 kroner. Over 26 år: 80 kroner.

Lindås Ungdomslag sin medlemskontigent for 2016 er Kroner 450,-

- **Samfunnshuset Haugatun**

Lindås Ungdomslag har fast brukstid i huset tysdagar 17.30-21.00 og onsdagar 17.30-22.00

- **Årsrapportar:**

Årsrapportar for 2015 er sendt til NU og Vestlandske Teatersenter

Sak 4: Reknskap for 2015

Sak 5: Budsjett for 2016

Sak 6: Planar for 2016

Gruppe 1: Dansekurs, Rytme, song og teatersport. Danseframsyning på basar 6.mars og 17.mai, julegateopning, juletefesten til Haugatun.

Arrangerer barnestemne første helga i Juni. Dette foregår på Lindås Ungdomskule.

Gruppe 2: Sketsjar, småstykke og framsyning til våren. Delta på barnestemne. Juletefest.

Gruppe 3:

Prøve å skaffe ny hovedinstruktør slik at sindre og siv marit har meir energi til g4.

Håpar på at dei er nok deltakarar til hausten så dei kan starte planlegging av 17.Mai revy 2017.

Gruppe 4: Lager revy til 17.mai.
Ikkje avgjort kva dei skal gjere i haust.

Alle gruppene må være med og støtte under barnestemne.

Haugatun er 50 år i 2016, i den forbindelse vil det nok være ekstra arrangement ila året der LUL også vil medvirke.

Håpar på at vi ila av året får hjulpet med oppussing av storsalen, her vil nok LUL sitt bidrag være mest i natur av dugnadskrefter.

- *LL Haugatun har søkt om økonomisk støtte pga store utgifter til oppgradert stråumnett.*
- *Ekstra utgifter til oppgradering av garderobe og kostymelager i gangen.*

Sak 7: Val

Styret takkar for den gode innsatsen i 2014.

Sindre Vabø

Leiar Lindås Ungdomslag.

Risasjøen 3.februar 2016

Referat frå årsmøte i Lindås Ungdomslag 07.03.2016

Til stades: Sindre Vabø, Håvard Vagstad, Øystein Veland, Fredrik Sleire, Lene Gjelsvik, Ingrid Aven, Jan Arild Lindås, Svein Gjelsvik

Saksliste:

- 1) **Innkalling og saksliste vart godkjent.**
- 2) **Val av møteleiing**
Ordstyrar: Sindre Vabø, skrivar: Øystein Veland, teljarkorps: Jan Arild Lindås og Svein Gjelsvik
- 3) **Årsmelding**
Årsemeldinga vart gjennomgått og godkjend med mindre rettingar.
- 4) **Reknskap 2015**
Reknskapet vart gjennomgått og godkjend utan anmenrkningar.
- 5) **Budsjett for 2016**
Budsjettet vart gjennomgått og godkjent med følgande mindre endring:
Posten "Reiser" reduserast med frå 30 000 til 20 000, medan Gaver endrast fra 2000 til 12 000.
- 6) **Planar for 2016**
Samfunnshuset Haugatun har bede om støtte i samband med ei større oppgradering av det elektriske anlegget. Følgande vedtak vart fatta:
Årsmøtet finn det rimeleg at laget kan gje kr 10 000 som gåve til Samfunnshuset Haugatun i 2016. Men ein viktig føresetnad for dette er at det vert rimelig dokumentert ein ordna økonomi i drifta av Samfunnshuset, gjennom at uteståande beløp fra ungdomslaget for 2015 vert fakturert, og at det føreligg godkjent reknskap for 2015.
- 7) **Val**
Valnemda si innstilling vart vedteke.

14.03.16

Øystein Veland